

Kraftigare satsing på energiøkonomisering

Vestland SV krev statleg støtte til energiøkonomisering for hushald med låge og middels inntekter

Den mest miljøvenlege energien er den som ikkje vert brukt, og energieffektivisering er difor ein heilt sentral del av energipolitikken i framtida. Det er mykje energieffektivisering å hente i meir energieffektive bygg. I tillegg gjer energieffektivisering bustader og bygg betre å leve i, folk sparar pengar til oppvarming og ei stor satsing vil skape arbeidsplassar over heile landet.

Det er ikkje inntekta di som skal avgjere om du kan vere miljøvenleg.

I dag er det stor kostnadsauke til mat, straum, drivstoff og andre levekostnader, og mange har for låg inntekt til å få kvardagen og økonomien til å gå i hop. Investeringa ein må ut med for til dømes å etterisolere eller installere varmpumpe er for stor for mange hushaldingar, men kan gje ei innsparing for det einskilde hushaldet over tid og i tillegg vere eit viktig klimatiltak.

Vestland SV krev at folk med låge og middels inntekter må få støtte til denne eingongsinvesteringa gjennom Husbanken, og potten må aukast monaleg.

Tilskotsordningane i mellom anna ENOVA-systemet må og verte styrka kraftig, og bringast opp mot 50 % av investeringskostnadane. Oljefondet er no på 13,6 milliardar kronar, og store norske verksemdar som mellom anna i banksektoren og Equinor går no med svære overskot.

Det må i tillegg vere ein eigen pott til kommunale husvære, slik at dei som leiger heim gjennom kommunane også kan få meir energieffektive bustader og lægre straumutgifter.